

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018**

**Astrid Aarhus Byrknes (Krf)** sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbudet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og ber dei involverte kommunane medverke til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, skal saka til politisk handsaming.»

### **Røysting**

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbudet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og ber dei involverte kommunane medverke til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, skal saka til politisk handsaming.